



Saksnr
13/550-116

Løpenr
26979/14

Arkivkode
B13

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/TRP

Dykkar ref

BARNEHAGE- OG SKULEBRUKSPLAN 2015 - 2025 - HØYRING

Mål for planen

Føremålet med barnehage- og skulebruksplanen er:

- a) ombygging/tilpassing til moderne barnehage- og skuledrift
- b) utbygging i høve til barne- og elevtalsutviklinga

Kriterier for utforming av barnehage- og skulebygga i Klepp kommune.

1. Barnehage- og skulebygningen er den viktigaste fysiske rama kring lærings og utviklingsaktiviteten til born og elevar. Dette skal derfor ha hovudfokus ved utforming av anlegga.
Barnehage- og skuleanlegget skal vera arena for:
 - Læring og sosial utvikling
 - Leik
 - Ulike nærmiljøtiltak
 - Kulturelle aktivitetar
 - Estetisk oppleving og påverknad
 - Omsorg og tilsyn
2. Universell utforming skal ligga til grunn for alle bygga i Klepp.
3. Barnehagane skal ha minimum 4 m² pr barn over 3 år og ca 1/3 meir pr barn under 3 år.
4. Det skal vera 82 m² til 25 elevar på barnetrinna til baserom og 90 m² for kvar 25 elevar på ungdomstrinna til undervisningsrom.
5. Det skal vera løysingar med innsyn frå korridor/mediatek til læringsrom og grupperom.
6. Arbeidsrom for pedagogisk personale må vera i samsvar med retningslinjene i arbeidsmiljølova
7. Det må leggest til rette for samarbeidsrom og rom for konferansar og skjerma telefonsamtalar.
8. Skulane og barnehagane skal vera tilrettelagde med nett for bruk av datamaskinar.
9. Utearealet i barnehagen bør vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne. Uteområdet for barnehagane og skulane må elles vera i samsvar med lover og retningslinjer.

10. Det må bli tatt omsyn til rom til helsesøster og evt treningsrom for fysioterapi.
11. Det fysiske arealet til borna blir og regulert etter forskrift om miljøretta helsevern.
12. Fagrom og kantine må tilpassast dei til ei kvar tid gjeldande krav.

Barnehagebruksplan

Målet er at born skal få plass i barnehage i sitt nærområde så langt råd er.

Ved nye utbyggingsområde må det setjast av store nok tomter til barnehagar.

For å kunne ha ei økonomisk rasjonell drift av barnehagane framover, må ein bygga barnehagar frå 80 til 150 plassar.

Ved bygging av barnehagar på 10 – 15 avdelingar er det viktig å vera bevisst på utforminga av bygget og uteområdet. Denne må vera slik at bygga og uteområda legg godt til rette for eit trygt miljø

Økonomiske utfordringar gjer også at ein må vurdera dei eksisterande barnehagane for å få til ei mest mogleg rasjonell drift. Dei minste barnehagane i dag er Vasshus og Horpestad barnehagar. Etter det kjem Steingarden, Bore, Borsheim. Orre barnehage vil stå ferdig med 3 nye avdelingar i 2015, og vil med det få ei meir rasjonell drift. Vasshus barnehage og Bore barnehage kan bli ein del av ein større barnehage frå 2018.

For dei andre barnehagane må dette vurderast i samband med nybygg og ved prosessar med dei det gjeld.

Det må bli ein gjennomgang av barnehagane i forhold til om det er rasjonaliseringsgevinst ved samanslåing, felles leing eller andre samarbeidsformer.

Etter 2020 må det setjast av ei større tomt til barnehage i Kleppeområdet. Då må ein vurdera om nokre av dei nemnde barnehagane kan inngå i denne.

Effektivisering av drifta av dei kommunale barnehagane vil få innverknad på tilskotet til dei private barnehagane.

Framlegg til plan for nye barnehageplassar:

Lov om barnehagar § 12a gir rett til barnehageplass for dei som er fødde før 1.9. føregåande år. Det er klare signal frå dei politiske partia om at denne retten i løpet av nokre få år blir utvida.

Erfaringstala syner at talet på born som søker plass i barnehage, er 85 % av barnetalet under 3 år og tilnærma 100 % av barnetalet over 3 år.

Tal frå SSB syner at veksten i barnetal vil flata ut i åra framover. Dette, saman med erfaringane dei siste åra, er lagt til grunn i handlingsplanen for 2014 – 2018.

Demografiutviklinga syner at på slutten av perioden vil veksten i barnetalet på ny auka. Frå rundt 2020 vil dei store fødselstala som no er mellom 10 og 19 år byrja å få barn. Det er difor forventa ein større auka born frå 2020.

Oversikt barnetal:

Barnetala i dei ulike årsklassane som er registrert på helsestasjonen i oktober 2014.

2010: 286

2011: 272

2012: 295

2013: 281

t.o.m. 31.08.14: 173

Dette stadfestar barnetalet pr år er i ferd med å flata ut.

Behovet for plassar vidare er i samsvar med vurderingane som er gjort i handlingsplanen for 2015 - 2018, som seier at det vil bli ein lågare vekst enn det ein tidlegare har lagt til grunn.

Innbyggjarar og brukarar	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Barn i barnehage under 3 år	435	450	460	470	480	510
Barn i barnehage over 3 år	880	885	895	905	915	925

Med desse tala vil kommunen ha behov for 75 nye barnehageplassar i tida 2015 - 2018. Dette er under forutsetning av at retten til barnehageplass ikkje blir utvida.

Prognosane frå SSB tilseier at kommunen frå 2020 på ny kan forventa ein større vekst, samstundes som det er truleg at retten til barnehage då er utvida.

Framlegg til plan for nye barnehageplassar:

Definisjonen av 1 avdeling i denne planen er 18 barn over 3 år eller 9 barn under 3 år. Her vil det og vera rom for å kombinera avdelingar over og under 3 år, alt etter kva behovet er.

Som det kjem fram i tabellen, er no prioriteringane for kor barnehagar skal byggast ut, endra sidan førre plan. Grunnen til dette er at det er teke omsyn til kor utbygginga er og vil koma framover. Då er det teke omsyn til at barnehageplassane skal vera der barna bur.

	Udekka behov	Løysing
August 2015	15 plassar	Påbygg av Orre barnehage med 3 avdelingar vil stå ferdig.
August 2016	20 plassar	Ta i bruk ledig kapasitet på Orre
August 2017	20 plassar	Påbygg av Kleppstemmen barnehage med 3 avdelingar.
August 2018	20 plassar	Ny barnehage i Borekrinsen

August 2019	20 plassar	Ta i bruk ledig kapasitet i ny barnehage
August 2020	40 plassar	Utviding/rehabilitering av Tu barnehage

I 2015 står 3 nye avdelingar klar i Orre barnehage. Når dette skjer, vil borna som høyrer til i Orrekrinsen og ønskjer det, få ein plass i nærmiljøet. I tillegg til å dekkja meirbehovet for plassar i 2015, vil dette og føra til ledig kapasitet andre stader i kommunen, slik at fleire born vil få eit tilbod i nærmiljøet. Prognosane for barnetalet i 2015 syner at kommunen kan få ein overkapasitet på barnehageplassar allereie i 2015. Dette må bli regulert ved at nokre stillingar står vakante.

Denne overkapasiteten gjer at utvidinga på Orre og vil dekkja meirbehovet for barnehageplassar i 2016.

I 2017 vil det vera behov for 10 nye plassar under 3 år og 10 nye plassar over 3 år. Slik det ser ut i dag vil Kleppestemmen FUS barnehage stå ferdig utbygd med ca. 3 avdelingar. Den totale kapasiteten vil då vera så stor at ein eventuell utvida rett til barnehageplass blir løyst. Eventuelt kan ein overkapasitet løysast ved å la stillingar stå vakante.

I gjeldande barnehagebruksplan skal ein ny barnehage med plass til borna i Bore barnehage og borna i Vasshus barnehage, i tillegg til 55 nye plassar, stå ferdig i 2018. Dette vil gje ei effektivisering av drifta som og vil ha innverknad på tilskotet til dei private barnehagane. Desse 55 nye plassane vil og gje ein overkapasitet som vil gjera at det ikkje vil vera behov for fleire nye plassar i 2019.

Dersom elevane på Vasshus skule blir flytta til Bore skule i 2018 er det mogleg å bygga Vasshus skule om til barnehage. Det eksisterande arealet på skulen kan gje rom for ein barnehage som rommar Bore, Vasshus og nye plassar slik det er omtala over. Då må gymsalen byggast om og reknast som ein del av leikearealet. Skal gymsalen behaldast, krev det ei påbygging for å få same storleiken på denne barnehagen som i gjeldane plan.. Det er sterkt ønskeleg å behalda gymsalen til bruk for ein så stor barnehage. Det kan vera vanskeleg at barnehagen står klar i 2018, samstundes som elevane flytter, det må då eventuelt takast i bruk mellombels lokalar til barnehage.

Blir ikkje elevane på Vasshus skule flytta i 2018, bør kommunen bygga barnehage i Boreområdet, slik at denne kan stå klar seinast i 2019.

Tu barnehage har i dag 76 born. 36 av desse borna har plass i paviljongane. Bruk av paviljongane er ikkje ei varig løysing. Etter SSB sin prognose vil barnetalet på ny auke etter 2020. Tu vil då vera eit av utbyggingsområda i kommunen, slik at behovet for barnehageplassar blant anna vil auka her. Det er naturleg å setja av stor nok del av den ”gamla” skuletomta til at Tu barnehage kan utvidast til ca. 140 barn.

Ved utbygging etter 2020 er framlegget at Horpestad og Steingarden barnehage bli ein del av ein større barnehage. Det må då setjast av tomt til dette i god tid. Tomta bør vera i Kleppeområdet, men ein ny stor barnehage på Engelsvoll kan og vera aktuelt

Ved utbygging av Bybandet sør må det og setjast av nok barnehagetomter her.

Kostnadene ved denne utbygginga, både til investering og drift kjem fram i dei gjeldande handlingsplanane framover.

Elevtalsoversikten bygger på dei kjente elev- og fødselstala. Denne viser ein stabilitet i elevtala dei første åra. Medan det blir ein større auke frå 2015. I skulebruksplanen blei det teke utgangspunkt i den store veksten som hadde vore etter 2000. Det blei derfor planlagt med 40 elevar meir pr årssteg fordelt på skular der aktuell vekst var forventa.

Skulebruksplan

Kapasiteten på skulane

Elevtalsutviklings følger i vedlegg. Elevtalet vil bli stigande i overgangen til 2020-åra.

For dei enkelte skulekrinsane er dette hovudtrekka:

- Dei fleste skulane har rom for elevtalet i den komande 4 års perioden.
- Tu skule: Nybygget i 2014 gir god plass der.
- Orstad skule har synkende elevtal og vil ha rom for fleire elevar.
- Kleppe skule vil ligga på grensa av kapasiteten i delar av perioden.
- Klepp ungdomsskule har kapasitetsproblem.
- Bore ungdomsskule vil ha det rom for fleire elevar frå Bore skule fram til 2020
- Bore skule vil bli pressa og vil manglar klasserom. Fram mot 2020 kan dette bli 5 rom på det meste.
- Vasshus skule har kapasitet til å ta imot fleire elevar.
- Engelsvoll, Horpestad og Orre har ein tåleg stabil elevtalsutvikling.

Utbygging framover

Det vil vera desse behova for utbygging framover:

- **Klepp ungdomsskule** var hovudutfordringa i førre plan. Det er nå avgjort at det blir løyst med ein ny felles ungdomsskule mellom Time kommune og Klepp kommune på grensa mellom desse kommunane, men i Time kommune langs Nordlysvegen på Bryne. Vedtaket er å bygga ein skule til 450 elevar, der inntil 200 av desse vil vera elevar frå Klepp. Det betyr at elevane frå Tu skule vil sokna til denne skulen og med det løysa kapasitetsproblema ved Klepp ungdomsskule.

Skal ein leggja til rette for at ungdomstrinnet på **Orre skule** skal gå på den nye skulen, bør elevtalet på skulen bli 500. Då vil Time og Klepp ha plass til 250 elevar kvar. Elles kan det vera ei løysing å la ungdomsskuleelevane å Orre få Klepp ungdomsskule som sin heimeskule når Tu-elevane flyttar inn på den nye. Bakgrunnen for vurderinga av ungdomsskuledelen på Orre, er begrunna med faglege argument og ikkje økonomiske.

- **Bore skule** sine kapasitetsproblem er vedtatt løyst ved at det blir eit tilbygg på skulen som står klar i 2018. Skulen vil då ha plass til 28 klassar. Måldelinga i krinsen gjer at skulen reknar med å få 28 klassar framover. Skulen sine utfordringar med for

liten kapasitet når det gjeld kroppsøving og arbeidsplassar for dei tilsette blir også løyst ved dette påbygget.

Det er gjort vedtak i kommunestyret om Bore skule og Vasshus skule.

3. Den alternative løysinga for Bore skule og Vasshus skule blir behandla som eiga sak, og det blir eigen høyringsrunde.

For å løysa romutfordringane på Bore skule, vil 7. steget gå på Bore ungdomsskule fram til tilbygget står klar. Frå 2015 vil det skje i lag med 7. steget frå Vasshus skule.

- **Engelsvoll skule** si ombygging og tilbygg gjer at denne skulen har god kapasitet til å ta imot forventta elevtal framover.
- **Kleppe skule** har same utfordringa som Bore i forhold til måldeling. Også Kleppe skule har behov for 28 klassar. Av økonomiske grunnar er det bare planleggingsmidlar med i Handlings- og økonomiplanen for 2015 – 2018. Denne løysinga må derfor koma etter 2018.
- **Horpestad skule** har behov for musikkrom og rom til kunst og handverk. Dette blir nå delvis løyst på Orre skule. Det blir ikkje her gjort framlegg om påbygg. Når Horpestad barnehage flyttar ut, vil det vera rom for å løysa desse utfordringane.

For dei andre skulane er det ikkje behov for utbygging ut frå elevtalet i planperioden. Det må likevel verta ein gjennomgang av stoda for **arbeidsplassar til lærarane** om det blir omlegging i arbeidstida til lærarane. Dette kan utløysa utbyggings- eller ombyggingsbehov.

- Eirik Raude senter får nye lokale i Bore gamle skule. Høgst sannsynleg vil Eirik Raude Senter bli felles for Time kommune og Klepp kommune. Det vil derfor vera behov for at ERS disponerer heile Bore gamle skule. Det vil bli ein prosess i forhold til å finna løysing for andre leigetakarar.

Det har blitt gjort vurderingar om det er/kan vera behov for kringsrensejusteringar både ut frå økonomiske omsyn og omsynet til naturlege krinsar. Det er ikkje funne behov for slike justeringar. Kommunestyret ba om at det blir gjort ut frå dei økonomiske utsiktene som er i komande 4 års periode. I ein vanskelegare økonomisk situasjon kan kommunen vurdere om det er føremålstenleg å fordela elevane på Horpestad skule på andre andre nærliggande skular.

Grunnlaget for å endra kringsrenser er at dette blir gjort som ei forskift i medhald av § 8-1. Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til.

Vedlikehaldsrunden til LU syner også at det er behov for større vedlikehaldstiltak på fleire av skulane: Kleppe skule, Engelsvoll skule, Orre skule og grendahusdelen av Orstad skule. I tillegg kjem tiltak i forhold til kartlegginga av ventilasjon i dei kommunale bygga. Alle desse tiltaka har kostnadsomfang som ikkje kan bli dekkja innanfor vedlikehaldsmidlane og må bli ein del av eit allereie pressa investeringsbudsjett.

Bybandet sør

Dette er eit utbyggingssamarbeid mellom kommunane Sandnes, Time og Klepp for åra 2010 - 2050. Planprogram blei vedtatt i kommunestyret i sak 22/10. Planen kan gje ca 15000 innbyggjarar innan utgangen av perioden. Orstadorrådet vil ta ca 1/3 av desse. Med måltala over vil det gje ca 800 elevar i Orstadkrinsen når det er fullt bygd. I vekstperiodar vil tala vera høgare. Det vil bety at det må byggast ein ny skule. Om desse nye innbyggjarane kjem gradvis med like mange kvart år, vil det vera behov for ein ny barneskule kring 2030.

Ungdomstrinnet vil truleg utgjera mellom 350 og 400 elevar. Ungdomstrinnet på Orstad kan ta ca 150 elevar.

Det er i dag avsett ei skuletomt på Orstad nær idrettsanlegget. I tillegg er det sett av ei stor tomt (K01) lenger aust. Sidan Bybandet sør også betyr utbygging i Frøylandsregionen, kan denne tomta vera utgangspunkt for samarbeidet mellom Time og Klepp med sikte på å løysa kapasitetsutfordringane for desse to kommunane i lag.

Klepp kommune, 17.11.2014

Trond Roy Pedersen
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.